



04.01.21

Informasjon til føresette om skulekvardagen

Vi håpar alle har hatt ein god joleferie, sjølv om den for nokre kanskje var noko annleis i år.

Sundag 03.01.21 kom det nye nasjonale føringer knytt til Korona-situasjonen. Det er anbefalt at ungdomsskulen går over til raudt nivå. Kommuneoverlegen har bestemt at dette også skal gjelde ved Kviteeid skule.

I fyrste omgang varer raudt nivå for ungdomsskulen t.o.m. mandag 18.01.21

For barneskulen (1.-7. trinn) er det framleis gult nivå. Dette vil seie same smittevernreglar som før joleferien.

Det er trygt for barn å gå på skulen

Vi skal framleis syte for at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Alle som jobbar på skulen skal følge med på at elevane har det bra. I perioden framover skal vi vere ekstra nøye med å sikre godt smittevern på både gult og raudt nivå.

Vi er spesielt opptatt av:

- Ingen elevar skal møte på skulen eller SFO dersom dei er sjuke
- Elevane vaskar hender før dei kjem til skulen og SFO
- God handhygiene og reinhald er viktig på skulen og SFO

Korleis vil skulekvardagen vera?

Gult nivå: Heile skuleklasser er samla, og alle elevar skal få eit fulltidstilbod på skulen med vanlege skuledagar. Dersom vi kjem i ein situasjon med mange tilsette sjuke og/eller i karantene, kan skuletilbodet bli noko annleis organisert enn det ville vore i ein normal situasjon. Elevar og lærarar oppmodast til å unngå å handhelse og klemme. **Skuleskyss:** Det er ikkje eit krav at elevane held ein meter avstand til andre medelevar. Alle som har rett til skuleskyss skal få det.

Raudt nivå: Sidan vi er ein liten skule, kan heile klasser i dei fleste tilfelle vera samla. Vi må halde god avstand til kvarandre. Det vil vera forsterka reinhald. **Skuleskyss:** Føresette blir oppmoda til i størst mogleg grad å kjøre barna sjølve. Dei som har behov for skuleskyss, vil få det. Elevane bør halde avstand i den grad det er mogleg. Sysken eller elevar som går i same klasse bør så langt det er råd dele sete.

For elevane på ungdomsskulen vil raudt nivå mellom anna bety:

- Elevane skal halde avstand til kvarandre på min. ein meter i friminutt og når dei sit i klasserommet.
- I friminutt skal elevane bare vera saman med si klasse og med ein meter avstand.
- Elevane et i klasseromma sine.
- 9. og 10. trinn vil få heimeundervisning på fredagar, i fyrste omgang i veke 1 og 2.

Lista er ikkje uttømmande. Dersom du ynskjer å lese meir om raudt nivå på Kviteeid skule, viser vi til Koronainformasjonen på www.kviteeid.kommune.no.

Med helsing

Skuleleiinga